

**Fylkestinget onsdag 10. juni 2020
Spørsmål med svar fra fylkesordføraren**

Pauline Tomren (MDG): Oppteken av å unngå at rasisme skjer blant tilsette, elevar og innbyggjarar i fylkeskommunen

Det er viktig at vi som er politikarar er oppteken av å unngå at rasisme skjer blant tilsette, elevar og innbyggjarar i fylkeskommunen.

Dette er heilt nødvendig i arbeidet med å gjere fylkeskommunen til ein trygg plass for alle, uavhengig av etnisitet.

Spørsmål 1:

Kva arbeid blir gjort for å hindre rasisme i fylkeskommunen

- på vidaregåande skular?
- på offentleg transport?
- blant tilsette i fylkeskommunen?

Spørsmål 2:

Kva for kanalar finst for å varsle om ein sjølv eller andre er utsett for rasisme, eller for å komme med råd til forbetring av fylkeskommunen sine tenester for å hindre rasisme

- på systemnivå?
- på individnivå?

Fylkesordfører gir slikt svar:

Representanten stiller svært viktige, høgst relevante og diverre også dagsaktuelle spørsmål.
Fylkesordføraren kan opplyse følgjande:

Spørsmål 1:

Kva arbeid blir gjort for å hindre rasisme i

fylkeskommunen? På vidaregåande skular:

Våre haldningar og retningslinjer knytt til rasisme og diskriminering er blant anna nedfelt i transportkontraktane som vert inngått med operatørar. Her vert det stilt krav om at alle kundar skal bli møtt på ein serviceorientert og kundevennleg måte. Vidare vert kundeklager loggført og rapportert, og takast vidare i systemet for oppfølging.

I handlingreglane for dei nyaste kontraktane i Bergensområdet (Bergen sør/vest, Bergen nord og Bergen sentrum) er det eit eige punkt som omhandlar forbod mot diskriminering hos operatør som seier (sitat) at «leverandøren skal arbeide for like muligheter og lik behandling av ansatte uavhengig av hudfarge, rase, nasjonalitet, sosial bakgrunn, funksjonshemmning, seksuell legning, politisk og religiøs overbevisning, kjønn eller alder. Leverandøren skal forby og nekte å tolerere oppførsel som innebærer uttalelser, kroppsspråk og fysisk kontakt som er av seksuell, tvingende, truende, fornærmede eller utnyttende karakter.»

Skyss/Kringom har ikkje eigne rutinar ved kundeklager som er retta spesielt mot rasisme og diskriminering. Desse vert tatt imot og handsama på same måte som andre kundeklagar som kjem inn til Skyss/Kringom via kontaktskjema på skyss.no/kringom.no, e-post eller telefon. Gjeld førespurnaden/saka negative opplevingar knytt til sjåfør/førar/mannskap eller billettkontrollør, vert desse formidla til aktuell operatør

og/eller leverandør av billettkontrollar for vidare oppfølging for å sikre at slike hendingar ikkje skjer igjen.

Blant tilsette i fylkeskommunen:

Handlingsplan for likeverd vart i 2018 vedteke for Hordaland fylkeskommune. Denne er mellombels gjort gjeldande for tilsette i heile Vestland fylkeskommune fram til ny handlingsplan vert sett i verk. Planen har eit generelt perspektiv, dvs. at både tilsette og brukarane av fylkeskommunale tenester skal oppleve å bli møtt med haldninga der «Likeverd er ein føresetnad for at Vestland skal vere eit godt samfunn for alle. Det betyr at alle i Vestland skal ha same tilbod og høve til samfunnsseltaking, uansett kjønn, etnisk bakgrunn, livssyn, funksjonsevne, seksuell orientering, kjønnsuttrykk eller kjønnsidentitet. I heile verksemda skal alle oppleve å bli høyrde, tekne vare på og sikra korrekt behandling i sin kontakt med Vestland fylkeskommune.»

Spørsmål 2:

Kva for kanalar finst for å varsle om ein sjølv eller andre er utsett for rasisme, eller for å kome med råd til forbetring av fylkeskommunen sine tenester for å hindre rasisme på

- systemnivå?
- individnivå?

For dei tilsette har fylkeskommunen på systemnivå medarbeidarundersøkingar og årleg internkontroll. Bedriftshelsetenesta, tillitsvalde og vernelinja er og viktige medspelarar her. Fylkeskommunen har ein varslingskanal der tilsette kan varsle direkte om kritikkverdige eller ulovlege forhold i fylkeskommunen. I tillegg er det bygd opp eit kvalitetssystem der dei tilsette kan melde om avvik knytt til psykososiale forhold.

Elev- og lærlingomboda og mobbeomboda arbeider systemisk med haldningsskapande verksemd for elevane, føresette og skuleverket. I tillegg arbeider omboda opp mot den einskilde elev som har trong for assistanse.

Likeverdssperspektivet vert handert i planprosessar, tilsetjingsprosessar, tenesteyting, opplæring og i samarbeid med frivillige lag og organisasjoner.

Fylkeskommunen tek likeverdet på alvor, og det vert arbeidd systematisk med problemstillingar og innspel knytt til dette.

Frå 2020 har fylkeskommunen overtatt ansvaret for regionale integreringsoppgåver. Koordinering og oppfølging av dette viktige arbeidet er lagt til avdeling for Kultur, idrett og inkludering, men femnar dei fleste avdelingane i fylkeskommunen. For å sikre god samordning av arbeidet vert det no etablert eit tverrfagleg team, der alle aktuelle avdelingar er representerte.